

Referat FAU møte 17. januar 2024 kl 19-21

Til stades: Eldbjørg Bøthun (10. trinn), Christina Sørheim (9. trinn), Birte Husum (7. trinn), Ane Solbraa (6. trinn, referent), Odd-Eivind Holo (konstituert rektor)

Nils Westerheim (8. trinn) meldte forfall.

1. Gjennomgang av aktuelle saker

På møtet 6. desember tok dåverande rektor opp to saker han ønska å informere FAU om mtp. vidare arbeid: a) Behov for meir areal til kroppsøving og b) Bekymring for at Kvåle skule sine behov knytt til spesialrom og andre behov vil bli nedprioritert når kommunen i åra framover må prioritere bygging av ny barneskule på Trudvang. Det vart ikkje skreve referat frå møtet og punkta er difor tatt med her. *FAU tok informasjonen til vitande.*

I tillegg vart det på møtet 6. desember og i forkant av møtet 17. januar spelt inn ønske frå foreldrerepresentantane om å ta opp følgande saker på januarmøtet:

c) Skule pc'ar. Frå Trudvang skule er ein vand med at skule pc/nettbrett vert sendt heim med eleven når dei har lekser som skal gjerast digitalt. På fleire av klassetrinna er det i haust stilt spørsmål om kvifor ikkje Kvåle skule har den same praksisen når ein gir digitale lekser. Spesifikt blir det på 6. trinn etterlyst tiltak/løysing på ordninga med at det gis digitale lekser utan at pc'ane blir sendt heim med eleven.

Konstituert rektor formidla at elever som ikkje har tilgang til pc/nettbrett i heimen kan låne med seg dette heim. FAU meiner at denne ordninga ikkje er god nok då terskelen for å spørje om dette kan vere høg for nokre og at løysinga kan bygge opp under sosial ulikskap. *Konstituert rektor tar saka vidare der ein vil diskutere praksis knytt til digitale lekser og ordninga med å ta skule pc med heim. FAU føl opp saka på eit seinare møte.*

d) Oppfølging rutine gratisprinsipp i samband med skuleturar. Etter tilsyn frå Statsforvaltaren i 2022 fant ein at Sogndal kommune ikkje oppfylte krava i regelverket knytt til den delen av gratisprinsippet som gjeld klasseturar som ikkje er fullfinansierte av skulen eller kommunen. Kommunen har svart på tilsynet og gjennomført retting ved å utforme rutine for å sikre at gratisprinsippet blir etterlevd når det gjeld føresette sine bidrag til skuleturar og andre arrangement i opplæringa. Frå 9. trinn er det likevel etterlyst noko meir informasjon vedr. foreldredugnad og elevbedrift/-arbeid og behov for ei «handbok» for skuleturen i 10. klasse.

Det ligg føre ein del skrivne og uskrivne erfaringar frå arbeidet med å tene opp nok peng til skuleturen i 10. klasse. Det er viktig at gratisprinsippet og skulen si rolle i knytt til foreldredugnader ikkje går ut over informasjonsbehovet som føresette har. Ei «handbok» for skulen og ei «handbok» for føresette/turkomiteen der ein samlar erfaringar og råd knytt til turførebuingane vil truleg gjere arbeidet lettare for alle partar. *Konstituert rektor tar initiativ til å utarbeide desse dokumenta. FAU bidreg gjerne om det er ønskt.*

e) Oppfølging av skulevegring og elevar som ikkje møter på skulen. FAU ønska på eit generelt grunnlag informasjon om kva Kvåle skule gjer for å følge opp elevar med skulevegring og elevar som ikkje møter på skulen.

Dette er eit aukande problem nasjonalt, men også her lokalt. Sogndal kommune har laga felles rutinar ved elevfråvær for grunnskulane i Sogndal (sjå vedlagt). Dialog med elev, føresette og helsesjukepleiar/sosiallærer er sentralt. Derfrå har ulike saker ofte ulike behov og ulike andre einingar kan koplast på. Kvåle skule har hatt planar om eit pilotprosjekt for å følgje opp dette arbeidet, men det har grunna bemanningsutfordringar blitt utsett. *FAU ønskjer gjennom å ta opp denne saka å peike på at dette er eit viktig arbeid å prioritere framover.*

f) Uteområde Kvåle skule. FAU ønska informasjon om det blir arbeida med planar for å utvikle uteområdet ved skulen då ein har forstått at dette er ei sak som ha blir løfta over fleire år.

Det vert ikkje arbeida med dette no. Det er viktig at uteområdet er tilpassa aldersgruppa på skulen samstundes som det er eit mykje brukt uteområde i fritida til born og unge. *Ein ser ikkje føre seg å sette i gang noko større arbeid her fram til skulen blir ein 8.-10. trinn skule.*

g) Mobilfri skule. Frå elevrådet var det ønske om å ta opp mobilfri skule som tema. Dei eldste elevane vil gjerne ha meir tilgang på mobilar i skuletida, medan dei yngre elevane ikkje ser på dette som viktig. Lærarane ser både fordelar og ulemper med mobilen. Det er eit ønske at FAU orienterer seg litt om mobilbruk i skuletida. Skulen vil gjerne utarbeide gode reglar for bruk av mobilar på skulen, og gjer dette best i samarbeid mellom elevråd, personalet og FAU.

Det er varsla at det kan koma nasjonale reglar på mobilbruk i skulen, jamfør [Sjermbruksutvalet Temanotat kap 6 Mobil i skolen s 40-48](#) (sjå lenker). Som eit ledd i dette vurderer Sogndal kommune eigne retningslinjer for mobilbruk i skulen. Ved Kvåle skule er i dag reglane at mobilen ikkje skal vere framme (skal vere i sekk eller mobilskap), ein oppfordrar til kortbruk i kantina, men kan nytte mobil i matfri. FAU meiner at noko lette i mobilreglane ved skulen no vil bryte med signala som no kjem frå myndighetene. *FAU er positive til at kommunen vurderer retningslinjer for mobilbruk i Sogndalsskulen og FAU bidreg gjerne i dialog om dette om det er ønskt.*

h) Skulen sine beredskapsrutinar ved uønska hendingar knytt til alkohol og andre rusmiddel. Frå 9. trinn har det kome spørsmål om kva beredskapsrutinar skulen har for situasjonar der elevar nyttar alkohol og andre rusmiddel i samband med skuleturar og andre skulearrangement.

Skulen gjer ei risikoanalyse ved alle skuleturar, men har ikkje eigne rutinar for denne type hendingar. Sjølv om ein ikkje kan planlegge for alle eventualitetar meiner FAU det vil vere bra for både tilsette, elevar og føresette om skulen har ein overordna plan ved slike hendingar. *Konstituert rektor vil ta saka vidare og sjå på korleis ein kan styrke beredskapsrutinane gjennom både arbeidet med risikoreduserande tiltak og beredskapsplanar.*

i) Status i arbeidet med tilsetting av ny rektor. Det var to søkarar til stillinga, tilsettingsprosessen er i gang og det er gjennomført intervju. Odd-Eivind Holo er konstituert rektor fram til ny rektor er tilsett.

Kort oppsummert så føl konstituert rektor opp sak c) skule pc'ar, d) rutiner ved skuleturar, g) mobilfri skule og h) beredskapsrutinar ved uønska hendingar knytt til alkohol og andre rusmiddel. FAU ønskjer at sakene blir tatt opp på seinare møte.

For sak e) oppfølging av skulevegving og elevar som ikkje møter på skulen ønskjer FAU at skulen prioriterer dette arbeidet framover.

For sak f) uteområde Kvåle skule og i) status tilsetting av ny rektor tek FAU informasjonen til vitande.

2. Årshjul og organisering av FAU. På møtet 6. desember vart Ane Solbraa (6. trinn) valt som leiar og Christina Sørheim (9. trinn) valt som nestleiar. Dei andre medlemmane er Birte Husum (7. trinn), Nils Westerheim (8. trinn) og Eldbjørg Bøthun (10. trinn).

Vi vart einige om at leiar kallar inn til møte og set opp agenda for møte i samråd med rektor og etter innspel frå medlemmene frå alle klassetrinna. Møta vert leia av leiar, medan rektor skriv referat med mindre noko anna er avtala. Vi ser for oss 2-3 møter i semesteret etter behov. FAU er eit viktig talerør for føresette ved skulen, ein viktig arena for skule-føresette samarbeid og ein arena der ein saman kan korrigere kurs om naudsynt.

Konstituert rektor informerte om Samarbeidsutvalet (SU) som jf opplæringslova § 11-1, skal ha denne samansetninga « ...to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skulen ». Frå kommunen er det Erlend Fardal Lunde som er representant, med Rita Navarsete som vara. Frå Kvåle skule er det Hanna Petra Gudmundsdottir, Ragnhild Myhre og Tomas Abrahamsen (andre tilsette), samt to frå elevrådsstyret. Frå FAU møter Christina Sørheim og Ane Solbraa. Rektor er ansvarleg for å utarbeide sakliste, kalle inn til møte og skrive referat frå møta i samarbeidsutvalet ved sin skule. Konstituert rektor ser for seg eit møte i løpet av vårhalvåret, men at dette ikkje hastar endå. Det kan vere greitt om kvar enkelt av rektor, FAU, elevane, tilsette, politikarane, har noko dei vil informere/drøfte, slik at det vert eit fruktbart møte.

Neste FAU møtet vert i 11. mars der vi tek opp igjen aktuelle saker nemnt over, ev. nye saker og vurderer om nokre av sakene skal tas med vidare til SU.

3. Ymse

Konstituert rektor informerte om at Kvåle skule har søkt om å få status som lærarutdanningskule. Eit slikt partnerskap er meint å bidra til eit stabilt og gjensidig utviklande samarbeidet mellom lærarutdanninga ved HVL og skulen.